

ÅRSMØTE I OSTERKLANG, 19.SEPTEMBER 2013.

Stad: Kyrkjekjellaren i Ostereidet kyrkje.

Tid: Torsdag 19.september kl. 17.30.

Sesongen gjeld frå september 2012 til og med september 2013.

Styret i OsterKlang har denne perioden hatt slik samansetjing:

Leiar: Solveig Eide

Nestleiar : Sigurd Åsgard

Kasserar: Kirsten Eide

Skrivar: Eli Fjelde Vikan

Musikalsk leiar/fast medlem: Boris Kuprijanov

Varafolk: Else Myhr og Olav Einestrand

Valnemnd: Marte Hauge, Berge Eknes og Kåre Mjanger.

Leiar denne gongen: Marte Hauge.

Ny representant til styret, noko som krov vedtektsendring hjå oss:

Soknerådet i Osterfjorden krov at koret skulle ha ein representant frå deira side.

Representanten skulle kun vera observatør, og hadde ikkje møteplikt eller stemmerett. Vert innkalla til møta våre og får referat som kormedlemene.

Representanten for dette året er: soknerådsleiar Irene Femanger.

Tal på styremøte frå førre årsmøte til i år:

Der har vore 9 styremøte i koret i perioden september 2012- til og med september 2013. Omfram desse, har der vore stor møteaktivitet i tida då me planla og øvde inn Korkafeen i år! Mange underkomitear som kvar for seg har lagt ned mykje tid og arbeide; kvar på sin plass!

AKTIVITETANE VÅRE i tida frå årsmøtet i fjor til no:

Den 21.11-12, var me inviterte til sjukeheimen i Knarvik. Der var det basar, og Osterklang underheldt dei mange framømte med ei avdeling lettare songar og ei avdeling meir seriøse songar. Alt såg ut for å falla i smak, og me var velkomne att ved seinare høve!

Korkafe-minimusikal på Ostereidet

Arbeidet med Korkafeen førte til at me hadde mindre underkomitear som tok seg av dei ymse oppgåvene som var nødvendige for framdrift i arbeidet. Det vart og mobilisert hjelparar som ikkje er medlemar, men har interesse for koret. Dei har alle gitt oss god hjelp gong etter gong, og me må rekna dei med i suksessen

me hadde! Det er alltid eit stort oppbud av friviljuge som arbeider bak kulissane!
Utan slike, glir ikkje arbeidet godt!

Koret og musikarane hadde mange og lange øvingar for å perfektionera oss!
Det same hadde Else Westervik som regissør! Ho fortener mykje ros for arbeidet
sitt, og vart aldri i dårleg humør om mer vart slitne! Det er godt å ha ein slik
ressurs mellom oss!

Korkafeen gjekk av stapelen den 10.mars kl.16.00 i Idrettshallen på Ostereidet
Ungdomsskule. Dette var ein mini-musikal som var kalla: ”Langs Osterfjorden
før i tida, og so no” Dette var eit døme på korleis livet langs fjorden arta seg
med aktivitetar på kvar ein kai i den tida ”dampen” kom innom. Her samla dei
seg: born, ungdomar, eldre menneske og det var liv og røre! Nostalgisk, men
slik var verkeligheita for oss ved fjorden!

Folk strøyma til; både kjende og ukjende. Dei let vel over framsyninga vår, der
mange kjende seg att!

Publikum fekk mat og kaffi, og høve til å kjøpa lodd i eit stort eingongs-lotteri
med store gevinstar! Her må styret takka Marte og Kåre som gjorde ein stor,
viktig og velordna jobb!

Berge Eknes hadde begge hender, føter og hovud med i både planlegging,
kulissemaling og framføring! Han har mange ulike talent å nytta seg av, og er eit
funn av dei sjeldne! Han treng mykje ros for innsatsen sin!

Det høyrer med å fortelja at av dei pengar me tente på denne framsyninga, vart
koret samde med Pensjonistlaget i Ostereidet om å kjøpa ein projektor med
lerret som begge laga kan ha nytte av ved filmframsyningar og anna bruk. Laga
betalte halvdelen kvar av kostnaden.

KYRKJA og koret vårt

Det ser ut for at OsterKlang vert sett pris på som forsongargruppe i kyrkjene
våre! Dette høyrer me rett som det er: ”de må halda fram med songen dykkar!”
Det er høgtid når de syng! Kan me ha det betre, då? Dette er ei stor oppgåve, og
me kan ikkje ta lett på denne. Stadig må me skjerpa oss med deltaking, og
kjenna gleda ved å få ta del i korsong og liturgi. Då vert og songgleda større for
kvar gong!

I november 2012 var koret i Vike kyrkje i samband med ein salmekveld. Denne
var lagt til rette av sokneprest Vilhelm Overå, songaren Johannes Lyngset og
leiaren i koret, Solveig Eide. Publikum fekk høyra om korleis ein legg opp
salmar for gudstenester, og var med i salmesongen heile tida. OsterKlang var
forsongarar, og Johs. Lyngset hadde ei avdeling, då han leia songen. Der var
”utvida” kyrkjekaffi til slutt, og då fekk tilhøyrarane høve til å drøfta
songopplegget.

Felles korsamling i april

Me hadde ei samling i kyrkja på Ostereidet i lag med 9-10 andre kor i Nordhordland. Invitasjonen kom frå Mannskoret frå Hjelmås, som markerte eit jubileum.

Dette var ingen konkurranse kora imellom, men ein lærerik kveld, der me i vårt kor fekk ein del aha-opplevingar! Me har nok lytta godt til Boris sine formaningar om korleis ein syng i kor! Så no høver det vel godt å takka Boris for at han ikkje gir seg, men tek opp att og opp att det han meiner me bør klara betre!

Ekneskaaien—Torgdagen og Oster

OsterKlang med ”Bandet”, vart invitert til å framføra nokre av songane frå Mini-musikalen på Ekneskaaien i samband med den årlege Torgdagen i Bergen. Tradisjonen tru går Oster innom ein del kaier i fjorden for at folk kan få kjensle av å reisa til by`dn som i gamle dagar, Avslutninga er på Ekneskaaien, til glede for mange frammøtte kvart år.

Også her gjorde me det beste ut av framsyninga, og me fekk god respons. Dette var ein kjekk dag for oss i koret og!

Det har vorte tradisjon at OsterKlang syng på Våravslutninga i pensjonistlaget på Ostereidet. Slik var det i år også, og det lot til at me gledde dei frammøtte med innslaga våre! Dei bad oss om å koma att neste år!

Seminar med Boris

Det har vore seminar også i dette arbeidsåret. Boris har prøvd å få samtlege til å tyda noteteikn og læra seg noter og deira verdier. Han har og laga eit konsept og sendt oss pr.mail, slik at me sjølv kan repetera. Du har gjort deg stor umak, Boris! Me vonar at det verkar inn når me syng!

Det har og vorte vane at Arne lagar til Ostersuppe, slik at me får noko i livet før me går heim for dagen. Dette takkar me stuerten vår for!

Gode tankar!

Dette året har vore utruleg travelt, men me har greidd oppgåvene våre! Me har sett det som viktig å taka vare på kvarandre heile vegen, og støtta når det har vore nødvendig. Difor har styret og, med leiar i fronten, vore flinke til å ha ei lita feiring etter endte øvingar for dei som har runda år i denne perioden, eller hatt problem å slita med. Både små og større dagar, inkl. 3 gullbryllaup har funne stad mellom medlemene. Slik å verta sett er svært oppmuntrande for dei det gjeld. Takk til alle for slik merksemd!!

SOMMARTUR - AVSLUTNING AV VÅRSESONGEN

Som skikken no har vore nokre år, så fekk me tilbod om sommaravslutning, med val av stad! Ikkje lett å velja, men til sist kom me til at det kunne vera kjekt å

vitja Skjerjehamn og sjå seg om både på staden og inne i hovudhuset som no er mest ferdig-restaurert.

Slik vart det, og me dro frå Ostereidet i super Veteranbuss med vår eigen veteran sjåfør, Oddvar, ved rattet.

Om vegen var krocket og vegen var lang, så sette ikkje dette dempar på oss koristar, og heller ikkje på dei andre som følgde oss! Vi drog gjennom eit fint landskap, og fekk mange fine naturopplevingar gjennom Masfjorden og Gulen. Det vart og ein del guiding av lokalkjende under vegg.

Turen vart difor meir spanande for alle!

Då vi var komne til Sløvåg, fekk me ein tur innom dette store anlegget som er under utbygging. Her var det og ein god lokalguide med mykje kunnskap som orienterte om framtida til den industrien dei har lagt opp til.

Den gamle handelsstaden i Skjerjehamn er no i gründeren innan fiskeoppdrett, Olav Braanaas, si eige. Han kåserte om staden før og no, korleis den hadde endra seg gjennom tidene. Svært interessant for dei fleste, vil eg tru!

Me hadde tinga middag på staden, og inntok denne i den sokalla Gildehallen, som er ein flott restaurant. Me kunne velja velsmakande rettar frå ein rikeleg buffet; her mangla visst ingenting!

Der var berre ein ting å setja fingeren på: Dei serverte kald kaffi!! Hadde visst gløymt å setja kontakten i! Dette klaga alle på. Ja, noko må der vera.

Heimturen gjekk fort, med song og prat i bussen. Takken for at alle kom vel fram både til og frå, må me retta til Oddvar Eide!

Styreleiar og kormor- Solveig- må ikkje gløymast i år heller! Du er aktiv og omtenkjam, og sparer deg ikkje for at ting skal fungera mellom alle; både innan koret og dei me kjem i kontakt med ved tilstellingar! Takk frå både styret og koristane!

Men me har fleire takkens ord: til Kirsten for at du held rekneskapen i orden og til henne og Kåre for å stella til kaffi og noko å bita i på øvingane!

”Bandet” vårt som består av Vilhelm Overå, Jan Holsen og Gunnar Eide, treng stor takk og applaus for at dei sa ja til å akkompagnera Osterklang i lag med Boris på øvingane og framsyningane av minimusikalen både i Idrettsbygget og på Ekneskaien dette året!

Me i styret rettar og ein stor takk til Sigurd Aasgard for arbeidet hans med å syta for at resten av oss hugsar å kryssa på lista over frammøte i koret! Me ser at det er veldig nødvendig å ha deg på den plassen!

Me får til sist konkludera med at Osterklang fungerer godt, og dette må me halda oppe! Takk gode vener for at de alle er som de er!!

Eli Fjelde Vikan, skrivar
Vikanes, september 2013.